Nr. 70/71

Juni/Juli 2025

INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE

# BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland




**GRUNNA FERIEAVVIKLING KJEM BYGLANDSNYTT JUNI OG JULI 2025 I DOBBEL UTGÅVE. GOD SOMMAR!**

## BUA BYGLAND MED SOMMARTILBOD TIL BARN

LES MEIR - S. 9

Det er tilsett 5 flinke ungdomar i BUA Bygland, som skal stelle til **Aktivitet for barn og ungdom** kvar dag i vekedagane i veke 26, 27, og 28.

## FRILUFTSLIVETS ÅR 2025 - BYGLANDSFJORDEN VENTAR

LES MEIR - S. 8

Når det blir varmt i vatnet må vi endeleg ta i bruk Bygland sin perle, Byglandsfjorden! Hopp i vatnet og lær deg **paddle- og symjeteknikkar**.

## BOOKUP - LEIGE AV KOMMUNALE LOKALE

LES MEIR - S. 6

Bygland kommune har tatt i bruk digitalt bookingsystem **BookUp** for kommunen sine utleigelokale. Der kan du bestille tid 24/7.

**MERKETIDER JUNI/JULI/AUGUST 2025:**

- Barnehage og SFO i Bygland kommune har sommarstengt veke 29+30+31
- Skule, barnehage og SFO har planleggingsdagar måndag 11.august og tysdag 12.august. I tillegg har skulane planleggingsdag onsdag 13.august (då har barnehagane og SFO åpent)

ORDFØRAREN SI SIDE

# HELSING FRÅ ORDFØRAREN





RDFØRAREN I BYGLAND,
UNAR GRANHEIM

**Kjære alle saman!**

Juni er ein spesiell månad for 10.klassingane våre. Dei har dei siste dagane på Bygland ungdomskule etter 10 år i grunnskulen. Dei avsluttar skuleåret med å reise på tur med Aktive Fredsreiser til Polen og Tyskland, og eg er viss på at det blir ein tur dei aldri vil gløyme. Det blir sterke inntrykk, men også gode opplevingar. Dei reiser saman med elevar frå Bykle og Valle også, ein god måte å bli kjent med andre ungdom frå Setesdal. Ungdommane vil lære om demokrati og menneskerettane, og at ein kvar har eit eige ansvar for verda rundt seg. Å respektere at menneska rundt ein trur og meinar ulike ting ligg i botn i eit demokrati. Dei lærar også om kor viktig kjeldekritikk er, særleg med tanke på sosiale medier. Dei unge vil lære om å ta eigne sjølvstendige val, og stå for sine verdiar. Eg ynskjer dei ein god tur!

Sommaren er fin i Setesdal. Med fjorden og den nære naturen, med aktivitetar og arrangement for folk i alle aldre, treng ein grunn ikkje å reise nokon annan stad.

Eg oppmodar alle til å sjekke aktivitetskalenderen til Bygland Frivilligsentral, som arrangerar turar og aktivitetar som passar for alle. I sommar har dei eit særleg godt tilbod til born, og alt er gratis. Og BUA bugnar av utstyr! Vi er jammen heldige.

Eg vil også takke mannskapa i Setesdal Brannvesen, dei i pleie og omsorgstenesta og i helse, ambulanse og politi for å passe på oss som er så heldige å kunne ta fri når sommaren set inn for alvor.

**God sommar kjære alle saman!**

**Mvh Runar Granheim, ordførar i Bygland**

## REDAKSJONSNOTAT

## BYGLANDSNYTT NR. 70/71


- **Ansvarleg redaktør**: Aslak Jørundland Brekke
- **Redaktør**: Susanne Hegenscheidt
- **Bilete**: Framside: Bjoren på testfart/Bygland kommune; Innhald (m.m. anna er spesifisert): For Bygland kommune: A. Fauske, S. Hegenscheidt, Olav Grendstad, Nina Bygland, Solveig Kvammen Tveitå; Kva skjer: Byglandsbygda sett frå Skjevraksnuten/Olav G.; Bygland turistkontor
- **Arkiv**: bygland.kommune.no/byglandsnytt

**Byglandsnytt august 2025: 04.08.2025, skrivefrist 30.07.**

Send tipps til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

# OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

## BYGLAND KOMMUNEHUS

- **Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00**
- **NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00**
- **NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00 (i heile juni og juli)**

**KOMMUNEHUSET OG NAV ER STENGTE MÅNDAG 9. JUNI**

## EVJE OG BYGLAND LEGESENTER

**Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117**
**telefontider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00**

- **BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND**
  **tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00 - FERIESTENGT HEILE JULI**
- **EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE**
  **måndag - fredag kl. 08.00 - 15.00**

## EVJE TANNLEGEKLINIKK

**Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.**
**Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95**
**Nils Heglands veg 40, 4735 Evje** (2. etasje til venstre)

## FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND

**Bbliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025**
**FERIESTENGT FRÅ VEKE 27 TIL OG MED VEKE 32**
**STARTAR OPP ATT 11.08.**



**BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND**

- **måndagar kl. 10.00 - 14.00**
- **onsdagar kl. 10.00 - 16.30**
- **torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30**



**BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD**

- **måndagar kl. 16.30 - 19.00**
- **tysdagar kl. 9.00 - 14.30**

# POLITISKE MØTE - JUNI/JULI 2025

- **Rådet for eldre og funksjonsnedsettingar**: 04.06. kl. 15.00
- **Bygland Ungdomsråd**: 04.06. kl. 15.00
- **Plan-, miljø- og ressursutvalet**: 10.06. kl. 09.00
- **Levekårsutvalet**: 11.06. kl. 09.00
- **Formannskapsmøte**: 12.06. kl. 09.00
- **Kommunestyremøte**: 19.06. kl. 09.00
- **Møte styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel:** 10.06. kl. 09.00
- **Administrasjonsutvalsmøte:**: 06.06. kl. 10.00

**Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte**

Kommunestyremøta blir streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår.

# RÅDET FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

**TRAFIKKSIKKERHEIT: KURS 65+**

Dersom det er nok interesse for å få et oppfriskningskurs som trafikant vil det bli arrangert et kurs 65+, i regi av Statens Vegvesen, dersom det er mange nok deltakere. (MINIMUM 20 DELTAKERE)

Tid: Onsdag 03.09 og Torsdag 04.09 kl. 11.00-15.00

Sted: Bygdestova Longerak, Longraksvegen 24.

Påmelding til: Tlf: 95868260. SMS: 95868260. E-post: pebe2@online.no

Påmeldingsfrist: 7. august

**Program**:

1. Dag, Typiske utfordringer knyttet til det å være eldre bilfører, gjennomgang av og fornying av førerkort. Vurderingsprøve som kan være aktuelt derom fastlege er usikker om helsen tilfredsstiller kravene.

2. Dag, Styrt av ønsker fra deltakerene, tema som er aktulle i dagens trafikkbilde. Vikeplikt, rundkjøring, veioppmerking, lyskryss, lysbruk, forbikjøring, motorvei o,s.v. - Enkel servering. KURSET ER GRATIS.

**TIME PÅ SETESDAL TRAFIKKSTASJON,** BJORÅVEGEN 3, 4735 EVJE

**Viktig å vite:** Du må bestille time når du skal på ein trafikkstasjon. Du kan ikkje møta opp utan avtale.

Du kan bestille, endre og avbestille ein time i timebestillingstenesta:
www.vegvesen.no/om-oss/kontakt-oss/trafikkstasjoner/setesdal/

Skal du endra eller avbestilla, må du oppgi eit referansenummer. Referansenummeret fekk du då du bestilte timen.

# KOMMUNALE TENESTER



### FLYKTNINGSTENESTE

Anette Uleberg er vikar for Caroline Næss som går ut i mamma-permisjon. Anette skal jobbe 60% i Flyktningstenesten frem til 01.08., og skal deretter øke til ca. 80%.
Hun skal ha ferie i veke 30, 31 og 32. I denne perioden vil flykt-ningstenesten vere ubemanna.

E-post: ragnhild.anette.retterholt.uleberg@bygland.kommune.no
Tlf: 480 23 994 (overtar telefon til Caroline)



### TURISTINFORMASJON I BYGLAND OG STOGA KAFÉ

PRESTENESET 10, 4745 BYGLAND, TLF. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjontenesta i Bygland.
Stoga held til i tidlegare Glashytta ved Presteneset på Bygland, i naboskap til Bjoren Brygge, Bygland museum og Tesla ladestasjon Bygland.
Dei byr på informasjon og turtipps til turistar, kulturarrangement, is, snacks og kaffe.
I tillegg til kafé og turistinformasjon, arrangerer Stoga guida turar; i tillegg til guida turar på førespurnad over heile kommunen.
Stoga-teamet 2025: Olav Grendstad (vert), Mari frå Bygland og Nikolas frå Byglandsfjord.
Ope kvar dag frå 6. juni. kl. 11.00-17.00 (minimumsopningstid) og ut august.



# NYTT FRÅ EININGANE

## SAMFUNN




### VILTBAND

Å køyra på ville dyr kan vera både skremmande og farleg
Ein viltpåkøyrsel medfører materielle skadar, lidingar for det trefte dyret og kan også medføre personskade. For å lette arbeidet med å finne igjen skadde dyr, blir det tilrådd at det ligg Viltbånd i alle bilar.
Det skal brukast ved ein viltpåkøyrsel til å merka av staden der påkøyrselen skjedde, eller kor skadde vilt sprang bort frå vegen. Viltbandet blir hengt opp i næraste tre eller busk. Staden blir dermed lett å finna igjen for dei som har ansvar ettersøk etter det skadde dyret. På viltbandet er det tydeleg beskrive kva ein skal gjera i ein påkøyrselssituasjon; kven du skal ringja og kva du skal gjera. Dei har tekst på norsk og på engelsk.

**Bygland kommune har viltbånd til utdeling i resepsjonen på kommunehuset.**

## KULTUR



### MARIT VEGUSDAL FEKK KULTURPRISEN FOR 2024!

Marit Vegusdal fekk kulturprisen for sin innsats i kulturlivet i Bygland gjennom mange år. Prisen blei utdelt under 17. mai-festen på Bygland.
Vi gratulerer Marit med prisen!

## ØKONOMI



### BOOKUP - LEIGE AV KOMMUNALE LOKALE

Bygland kommune har tatt i bruk digitalt bookingsystem for kommunen sine utleigelokale, der den enkelte kan bestille tid sjølv på nett 24/7. BookUp presenterer utleigelokale frå mange kommunar.

I første omgong har vi tatt med selskapslokale og grendehus i Bygland:

- Lokstallen, Byglandsfjord
- Pakkbua, Byglandsfjord
- Grendi skule
- Åraksbø grendehus
- Ose grendehus

Etter kvart kjem også Årdalshallen, Byglandshallen og Bygland kulturscene.

For å kunne bruke BookUp, må du sette opp brukarkonto. Dette gjer du som er privatperson eller du som er representant for eit lag eller foreining i Bygland. Treng du hjelp til dette, kan du ta kontakt med sentralbordet på e-post: post@bygland.kommune.no eller på telefon 379 34 700.

Her bestiller du lokale: **BookUp.no** - bookingsystem for kommunale lokale
Slik gjer du det:Brukarmanual

Når du har funne eit lokale i Bygland og startar booking-prosessen, sender du først ein førespurnad via BookUp-systemet til kommunen sin kontaktperson. Denne sjekkar førespurnaden og datoen og gir deg ei tilbakemelding snarast mogleg. Først etter at førespurnaden er godkjent, er bookinga fullført. Du kan ikkje booke direkte utan at kontaktpersonen til lokalet veit om det.

## HELSE OG OMSORG



### Byglandsheimen - program juni/juli 2025

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, Trivselskoordinator, tlf. 90 22 55 03

| Dag | Dato | Klokke | Aktivitet |
|---|---|---|---|
| Tirsdag | 3/6 | 14:00 | Andakt med Kjell Steinbru |
| Onsdag | 4/6 | 11:00 | Open dag |
| Torsdag | 5/6 | 14:00 | Besøksvenn - sommeravslutning |
| Onsdag | 11/6 | 11:00 | Open dag |
| Tirsdag | 17/6 | 14:00 | Andakt med Tove Tveitå |
| Onsdag | 18/6 | 11:00 | Open dag – Sommerfest for beboere, pårørende og open dag. Vidar Frøysnes underholder. |
| Mandag | 23/6 | 14:00 | Fotpleier på Byglandsheimen |

# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

**Bygland frivilligsentral og BUA Bygland**
**Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland**
Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland
e-post: post@bygland. frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no
Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70
**Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no**



### Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

### Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12 -14 (sommarpause)
  - Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16 – 17.30 (sommarpause)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18 – 20 (10. + 24.06.)
- Strikkekafé: til vanleg 1.+3. torsdag/månad kl. 18 – 20 (siste før sommarpause 12.06.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. onsdagar kl. 15 - 17 (sommarpause)

### Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13 – 14.30 (sommarpause)
- Teppebowls: (sommarpause)

1.

### Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11 – 14 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (sommarpause)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland (fram til skuleferien)

# BYGLAND UNGDOMSKLUBB

**Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989**

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- mån: 18-21, alle trinn (Klubblokale på Bygland)
- tors: 18-21, 8. kl.-VGS (Klubblokale på Bygland)
- **Sommaravslutning på stranda, Bygland**: 19.06. kl. 18-21



**Fredagsklubb i Årdalshallen: sommarpause**

*Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.*
*Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar*

# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

## FRILUFTSLIVETS ÅR 2025 - JUNI/JULI

- **05.06: KULTUR I NATUR: TUR MED SVEIN KLEIVANE SOM FORTEL OM GAMLE FERDSELSÅRER I BYGLAND**

Tur langs gamle ferdselsårar med guide ved Storestraumen/Ellingstjønn.
Lengde: 5-6 km på vei og sti
Område: Ellingstjønn/Storstraumen, Bygland kommune
Møtested: Storstraumen rasteplass – rv. 9 ved Åraksveien.
Tid: 18.00 Naturlos: Ann Cecilie Andersen og Svein Kleivane
Arrangør: Bygland Frivilligsentral/kommune og Skogselskapet i Agder
Telefon: 945 10 770 / 916 01 08




- **25.06: KAJAKKPADLINGSKURS**

Kurset gir deg basiskunnskap i å håndtere kajakk på vann. Svinge- og padleteknikk og selvredning. Tips om bekledning, og smarte ting å tenke på. Du kan ta med egen kajakk.
Vi har 12 kajakker til låns gjennom BUA.
Lengde: 0,5 km
Område: Prestneset i Bygland sentrum, Bygland kommune
Møtested: Prestneset, Bjoren Brygge
Tid: 16.00 Naturlos: instruktør frå kommersiell aktør
Arrangør: Bygland Frivilligsentral/BUA Bygland Telefon: 945 10 770. Ønsker påmelding.
Påmeldingsskjema vert publisert på facebook/instagram og heimeisa til frivillgisentralen/BUA



- **25.07: LÆR DEG SYMJETEKNIKK, KORLEIS SYMJE EFFEKTIVT, KORLEIS HANDTERE KALDT VANN, KORLEIS KLE SEG.**

BUA har tilgjengeleg våtdrakt i ulike størrelsar.
Har du sjølve kan du ta med.
Oppmøte: Bjoren Brygge, Prestneset.
Instruktør: Hanne S. Lundevold Nilsen
Tid: 14.00






TORSDAG
26
JUNI

Kl. 17:00 - 21:00, Bjoren Brygge Prestneset

### Sommarfest for dei frivillige

Velkomen til sommarfest til deg som har vore frivillig i 2025!
Frivilligsentralen ønskjer å syne kor mykje me set pris på dykk, og tilbyr ein heilaftens med middag, dessert, og underhaldning. Drikke må kjøpast sjølve.

# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

**BUA - SOMMAR 2025**

- Det er tilsett 5 ungdomar i BUA, som skal ha sommarjobb og stelle til **Aktivitet for barn og ungdom kvar dag i vekedagane i veke 26,27, og 28**.

Påmelding finn ein på facebook/instagram eller heimeside til frivilligsentralen.

- BUA er open for drop in kvar dag frå 10-17.30.
- Me jobber for å få på plass ein sjølvbetent hengar på Byglandsfjord før ferien, som skal vere fyllt med utstyr. Men ein kan ikkje love grunna leveringstid.
- Open dag BUA: 24.06 Bygland (Tangen, Prestneset)

30.06 Byglandsfjord (Vassend)

Open dag betyr at BUA tek ut så å seie alt me har av sommerutstyr, og tilbyr det til besøkande. Me serverer ofte godsaker slik som is og brus.
OBS: barn må ha med seg føresette, eller melde dei på elektronisk dersom dei skal delta på vannaktivitet. Du kan melde på via lenke på heimeside/facebook/instagram sida til Frivilligsentralen/BUA. Det kan verte endring grunna ver. Følgje med på sosiale medier.

**FRILUFTSSKULE VED MIDT-AGDER FRILUFTSRÅD 11.-13. AUGUST**

Påmelding på Midt-Agder friluftsråd si nettside. Friluftsskulen 2025
Midt-Agder friluftsråd inviterer alle 5.-7. klassingane til ny friluftsskule på Bygland, veke 33 (måndag 11. - onsdag 13. august); Informasjon/påmelding: www.midt-agderfriluft.no/naturskole/friluftsskolen
Tid: 10-15 ; oppmøte: Prestneset

**Aktivitet**:

- Kart/orientering
- Leir og rast
- Allemannsretten og naturferdsel
- Tur/ekspedisjon
- Livredning og sikkerhet
- Mye god mat på bål/stormkjøkken
- Vannaktiviteter (kano og/eller SUP), frisbeegolf og lek



Setesdalsmuseet

Utstillingsopning på Setesdalsmuseet, Setesdalsvegen 3273, Rysstad:
**laurdag 14.06. kl. 14.00**: Løyni - ei reise inn i samspelet mellom den materielle og den immaterielle kulturarven i Setesdal.

# BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

**Bygland Kyrkjelege Fellesråd**
**Sentrum 18, 4745 Bygland**
**bygland.kyrkje.no og på Facebook**



**Kontakt**

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

## GUDSTENESTER



- **sundag, 15.06., kl. 12.00, Gudsteneste på Tveito, vestsida av Byglandsfjorden**
- **sundag 06.07., kl. 16.00, Friluftsgudsteneste Austadneset**
- **sundag 13.07., kl. 11.00 Familiegudsteneste, KVS Bygland**
- **tysdag 29.07. kl. 18.00 Olsokgudsteneste, Sandnes kapell, Sandnes i Bygland**

## ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 03. og 17.06. kl. 14.00**

## SOKNERÅDSMØTE

- **tysdag 17.06. kl 17.00 Revsnes hotell**

## SOMMARKONSERT

- **tysdag 10.06. og tysdag 19.08, kl. 17.00 Konsert i Årdal kyrkje med Eirik Hodnemyr: Folketoner frå Setesdal, engelske hymner, danske og norske fellessongar.**

# YMSE

## >>> KONSERT OG FESTIVAL I BYGLAND - SOMMAR 2025




**13.06.** kl. 19.00: Kong Hanes Eftf. Pub kor (for alle) på Brygga, Bygland
**14.06.** kl. 18.30 Noregs lengste korps: Sommarkonsert på Revsnes hotell
**21.06.** kl. 18 Brygga Blues festival
**27.06.** kl. 20.00 Lille Du, Brygga
**12.07.** kl. 20.00 Pettycash, Brygga
**18.-27.07.** Luftsportfestival Gamavekea Extreme, Bygland museum
**19.07.** kl. 09.00 Bygland triatlon, Bjoren Brygga, Bygland

## TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

### SØPPELTØMING - JUNI 2025



- **Matavfall og restavfall:** veke 26: torsdag 26.06.
- **Papir og plast:** veke 24: tysdag 10.06.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 24: torsdag 12.06.

### GJENVINNINGSSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland**: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (11.06.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (28.06.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (14.06.)

*Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724*

### SØPPELTØMING - JULI 2025



- **Matavfall og restavfall:** veke 30: torsdag 24.07.
- **Papir og plast:** veke 28: tysdag 08.07.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 28: torsdag 10.07.

### GJENVINNINGSSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (09.07.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (26.07.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (12.07.)

*Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724*

# KINO PÅ BYGLAND - JUNI

## BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

**ONSDAG 18. JUNI**

**KL. 17.30: LILO & STITCH**

6 år. 110 kr. Familiefilm

**KL. 19.30: HEIM**

9 år. 130 kr. Komedie




## BYGLAND FILMKLUBB

**BYGLAND FILMKLUBB TEK SOMMERFERIE, OG SYNER NYE FILMAR TIL HAUSTEN.**

# KVA SKJER I BYGLAND JUNI/JULI 2025

**(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)**

**GOD SOMMAR!**



Byglandsbygda med utsikt frå Skjevraknuten
Foto: Olav Grendstad/Bygland turistkontor

| DATO | ARRANGØR OG STAD | TID | KVA SKJER |
|---|---|---|---|
| sundag 15.06. | Bygland kyrkje | kl. 12 | Gudsteneste på Tveitå |
| tysdag 17.06 | Byglandsheimen | kl. 14 | Andakt |
| onsdag 18.06. | Bygdekinoen, Bygland kulturscene | kl. 17.30 | Film 1: Lilo & Stitch (6 år) |
| onsdag 18.06. | Bygdekinoen, Bygland kulturscene | kl. 19.30 | Film 2: Heim (9 år) |
| 21.06.-13.08. | Oppvekstsentra i Bygland | | Sommarferie |
| laurdag 21.06. | Bjoren Brygge, Bygland | kl. 18-00 | Brygga Bluesfestival |
| torsdag 24.06.<br>måndag 30.06. | Presteneset, Bygland<br>Tangen, Byglandsfjord | kl. 10-17.30 | Open BUA dag |
| veke 26 -28 | BUA Bygland | kl. 10-17.30 | Aktivitetstilbod for born |
| veke 29-31 | Barnehage/SFO Bygland | | Sommarferie |
| sundag 06.07. | Austadneset | kl. 16 | Friluftsgudsteneste |
| sundag 13.07. | KVS Bygland | kl. 11 | Familiegudsteneste |
| fredag 18.-<br>sundag 27.07. | Bygland Luftssportsklubb;<br>Bygland museumstun | alle dagar | Gamaveka Extreme 2025 |
| laurdag 19.07. | Bygland IL; Brygga, Bygland | kl.9 - siste ferdig | Bygland triatlon |
| måndag 28.07.-<br>sundag 03.08. | Stoga kafé, Presteneset,<br>Bygland | alle dagar | Stoga Scenecamp;<br>forestilling 02.08. |
| tysdag 29.07. | Sandnes kapell, Sandnes | kl. 18 | Olsoksgudsteneste |
| 11.-13.08. | Midt-Agder friluftsråd | alle dagar | Friluftsskule på Bygland |